

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.03.2010
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Rapport frå verksemda per februar 2010**

Arkivsak
2009/138/
Styresak 040/10 B

Styremøte 07.04. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret tek rapportering frå verksemda per 28. februar 2010 til etterretning.

Oppsummering

Aktivitetsrapporteringa er framleis påverka av at ein berre samanliknar utviklinga per februar (to månader) i 2009 og 2010, og difor er for tidleg til å skulle seie noko sikkert om forventa utviklinga. Sjølv små endringar i dei absolutte tala kan gje store prosentvise endringar.

Ventetidsutviklinga per februar 2010 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak er på same nivå som for eit år sidan innan dei tre fagområda. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både dei som er tatt til behandling og dei som framleis ventar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rett over 70 % innan psykisk helsevern og rett over 60 % innan somatikken.

Resultatet pr februar er pluss kr 10,3 mill som er i tråd med budsjett. Med unntak av Helse Fonna som melder ei prognose som er kr 5,2 mill dårlegare enn budsjett, opprettheld alle føretaka ei prognose i tråd med budsjett. Helse Fonna og Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009 og har derfor ikkje utarbeida ordinær tiltakspakke. Helse Stavanger og Førde rapporterer ei realisert omstilling som er i tråd med plan. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg men Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover.

Sjukefråværet for føretaksgruppa gjekk opp frå 6,6 % i desember 2009 til 6,8 % i januar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær gjekk opp frå 5,6 % i desember 2009 til 6 % i januar. Tal einingar som har eit lågare sjukefråvær enn 4,5 % er på om lag 47,4 %. Netto månadsverk for føretaksgruppa pr mars 2010 viser ein nedgang på 71 netto månadsverk målt mot februar 2010.

Omdømmeresultatet samla viser ein nedgang samanlikna med januar måned. Størst nedgang finn vi i Helse Fonna.

Fakta

Denne rapporten er utarbeid med basis i informasjon per 28. februar 2010. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdiar som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire målekort: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvisе indikatorar. Dei tre første målekorta består i all hovudsak av månadlege indikatorar, med eit par unntak innan tverrfagleg behandling av rusmiddelbrukarar, medan det siste målekortet har tertialsvisе indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling

Datakjelda som blir nytta i rapporteringa av aktivitetsdata innan somatikken (og psykisk helsevern) er manuelle tal som helseføretaka sjølv rapporterar inn til Helse Vest RHF månadleg. I denne rapporteringa blir samla tal for aktiviteten i januar og februar 2010 samanlikna med tal for tilsvarande månader i 2009. Når ein berre samanliknar tal for to månader av året bør ein vere merksemd på at små forskjellar i absolutte tal kan gje store prosentvise forskjellar.

Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status	=
Psykisk Helsevern for Barn og unge				
Aktivitet døgnbehandling	1%	5%		
Aktivitet dagbehandling	7%	5%		
Psykisk helsevern for voksne				
Aktivitet døgnbehandling	-0,9%	5%		
Aktivitet dagbehandling	2,7%	5%		

Somatikk

Ei omlegging i innsatsstyrt finansiering gjer at ein førebels ikkje kan rapportere somatisk aktivitet uttrykt i DRG-poeng, sjukehusopphald eller tal polikliniske konsultasjonar som er samanliknbart med tal for 2009. Omlegginga består i at all poliklinisk aktivitet blir finansiert innan ISF, noko som genererer fleire DRG-poeng enn i 2009, samt at tekniske endringar i ISF-systemet påverkar fordelinga mellom talet på sjukehusopphald og talet på polikliniske konsultasjonar, slik at desse tala heller ikkje er samanliknbare.

Dei faktiske tala syner at det samla er generert om lag 36 700 DRG-poeng dei to første månadene av 2010. Dette er -1,4 % lågare enn helseføretaka sine eigne budsjett for same periode. Helse Bergen HF og Helse Førde HF har hatt ein DRG-produksjon som er lågare enn budsjett, medan dei to andre helseføretaka har hatt ein høgare DRG-produksjon.

Talet sjukehusopphald var samla nær 40 000 for dei fire helseføretaka ved utgangen av februar 2010, medan talet polikliniske konsultasjonar var om lag 79 000. Alle dei fire helseføretaka har ein aktivitetsutvikling målt i sjukehusopphald og polikliniske konsultasjonar som er lågare enn det som var budsjettert.

Psykisk helsevern

Ser ein på aktivitetsnivået per februar 2010 samanlikna med same månader i 2009 finn ein at aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn så langt i 2010 er 1 % høgare enn til same tid i 2009. Dei absolutte tala syner at forskjellane er veldig små, og det vart generert om lag 30 fleire liggjedøgn i perioden frå januar til utgangen av februar 2010 enn i dei same månadane i 2009. Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har rapportert om færre liggjedøgn enn året før, medan Helse Førde HF og Helse Fonna HF har generert fleire.

Indikatoren for dagbehandling innan BUP (som inneheld dagopphold og poliklinikk) syner eit aktivitetsnivå per februar 2010 som er omlag 7 % høgare enn ved utgangen av februar 2009. Til saman er det så langt i 2010 gjennomført rett over 21 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphold, noko som er om lag 1 500 fleire enn i same periode i 2009. Helse Bergen HF og Helse Fonna HF har så langt den høgaste aktivitetsveksten, medan dei to andre helseføretaka har eit aktivitetsnivå som er lågare enn i 2009.

Når det gjeld aktivitetsutviklinga innan psykisk helsevern for vaksne så syner døgnbehandling målt i tal liggjedøgn per februar 2010 eit nivå som er -0,9 % lågare enn i tilsvarende periode i 2009. I absolutte tal tilseier dette at det har vore generert om lag 42 300 liggjedøgn, noko som er rundt 400 færre enn i 2009. Av dei fire helseføretaka rapporterar særleg Helse fonna HF, men og Helse Stavanger HF om fleire genererte liggjedøgn per februar 2010, medan Helse Bergen HF og Helse Førde HF rapporterar om lågare aktivitet enn i 2009.


Aktivitetetsutviklinga innan dagbehandling (som inneheld dagopphold og poliklinikk) syner at den samla aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne er 2,7 % høgare enn året før. Helse Fonna HF, Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har alle eit aktivitetsnivå som er høgare enn i same periode i 2009, medan Helse Førde HF har eit lågare aktivitetsnivå enn ved utgangen av februar 2009. Uttrykt i absolutte tal er det gjennomført om lag 28 700 polikliniske konsultasjonar og dagopphold dei to første månadene av året, noko som er 740 fleir enn i januar og februar 2009.

2. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa blir tal for ventetidsutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilskeapeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget i datavarehuset er det same som Norsk pasientregister nyttar til nasjonal statistikk. Data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekome.

Somatikk

Den gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken heldt seg stort sett stabil i 2009, særleg gjeld dette for pasientar med prioritet, men og til dels for ventande utan prioritet. For pasientar med prioritet bevega ventetidene seg lite frå januar 2009 og fram til sommaren. For pasientar utan prioritet gjekk ventetidene meir ned i den same perioden. For begge dei to gruppene steig ventetidene i samband med avviklinga av sommarferie i helseføretaka. Ei auke i ventetidene om sommaren er noko som blir observert kvart einaste år. Etter ferieavviklinga gjekk dei gjennomsnittlege ventetidene igjen ned i september 2009, for så å halda seg tilnærma stabil derfrå og ut november. Frå desember 2009 til februar 2010 har ventetida halde seg rimeleg stabil. For pasientar med prioritet var ventetida ved utgangen av februar 2010 4 dagar lengre enn i februar 2009. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida 7 dagar lengre ved utgangen av februar 2010.



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som framleis venta var 92 dagar innan somatikken ved utgangen av februar 2010. Den samla ventetida var dermed 5 dagar lengre enn til same tid i 2009. Ventetida for ventande med prioritet var 70 dagar, medan den var 118 dagar for dei utan prioritet.

Av helseføretaka var det Helse Fonna HF som hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene ved utgangen av februar 2010, både for ventande med prioritet (57 dagar) og ventande utan prioritet (107 dagar). Dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka var 68 dagar i Helse Førde HF, 72 dagar i Helse Bergen HF og 74 dagar i Helse Stavanger HF ved utgangen av februar 2009. Haraldsplass diakonale sjukehus hadde dei lengste gjennomsnittlege ventetidene i Helse Vest ved siste rapportering, med 78 dagar for prioriterte pasientar og 197 dagar for pasientar utan prioritet.


Dersom ein ser på dei gjennomsnittlege ventetidene for dei pasientane som blei tatt til behandling i februar 2010, så var desse 61 dagar for prioriterte og 80 dagar for ventande utan prioritet. For prioriterte pasientar er dette i gjennomsnitt 3 dagar lengre enn i februar 2009, men lågare enn ventetidene som blei observert i perioden frå august til november 2009. Frå august til desember 2009 gjekk ventetidene for behandla pasientar med prioritet ned frå månad til månad, for så å halda seg stabile frå desember til februar 2010. Tilnærma det same kan seiast å gjelde for pasientar utan prioritet i det same tidsrommet.

Delen ventande som er tildelt prioritet innan somatikken har halde seg stabil rett over 50 % det seinaste året. Om lag 53 % av dei ventande hadde prioritet per utgongen av februar 2010. Delen ventande som hadde prioritet varierar i Helse Vest, frå om rundt 40 % ved Haraldsplass diakonale sjukehus til om lag 60 % i Helse Bergen HF.

Psykisk helsevern for barn og unge

Formatert: Norsk (bokmål)

Innan psykisk helsevern for barn og unge har ventetidsutviklinga vore positiv frå februar 2009 og fram til juni 2009 for dei ventande med prioritet, medan ventetidene steig for dei ventande utan prioritet i same periode. Som for somatikken var det og ei auke i dei gjennomsnittlege ventetidene innan psykisk helsevern for barn og unge i samband med avvikling av ferie i helseføretaka i juli og august. Figuren under viser at dei gjennomsnittlege ventetidene for begge dei to prioriteringsgruppene har gått ned i perioden frå september til november 2009. Frå desember 2009 til februar 2010 har ventetida igjen gått noko ned.



Ventetida for dei ventande med prioritet var i gjennomsnitt 50 dagar ved utgongen av februar 2010, noko som er 2 dagar mindre enn ved utgongen av februar 2009. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per februar 2010 9 dagar lengre enn for eit år sidan. Figuren over viser at den gjennomsnittlege ventetida er klart lågare for pasientar med prioritet, enn for dei utan prioritet.


Ventetidene for pasientar med prioritet var lågast i Helse Bergen HF og Helse Førde HF ved utgongen av februar 2010 med 40 dagar i gjennomsnittleg ventetid. Ventetidene for prioriterte ved dei to andre helseføretaka var høvesvis 50 dagar ved Helse Stavanger HF og 67 dagar ved Helse Fonna HF. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 88 dagar i Helse Bergen HF til 119 dagar i Helse Førde HF.

Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som har blitt tatt til behandling har vore relativt stabile for prioriterte pasientar dei siste 12 månadene, og har gått ned dei siste månadene av 2009 og i byrjinga av 2010. Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i februar 2010 var 62 dagar, noko som er 25 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet pasientar utan prioritet som blir tatt til behandling er mykje lågare, noko som gir større variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene. I gjennomsnitt var ventetida 123 dagar for pasientar utan prioritet som var tatt til behandling i februar 2010.

Delen ventande med prioritet låg kring 75 % per utgongen av februar 2010, men det er store forskjellar mellom dei einskilde helseføretaka. I Helse Fonna HF har om lag 97 % av dei ventande prioritet, medan rundt 70 % har det same i Helse Bergen HF.

Psykisk helsevern for voksne

Utviklinga i gjennomsnittlege ventetider innan psykisk helsevern for voksne syner ein trend med stigande ventetider gjennom store deler av 2009 både for ventande med prioritet og for dei utan prioritet, men ventetidene har i heile perioden vore lågare for prioriterte pasientar. Ved utgangen av februar 2010 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 96 dagar og 125 dagar for dei utan prioritet. Desse ventetidene er høgare enn til same tid i 2009, då dei gjennomsnittlege ventetidene var 72 dagar for prioriterte pasientar og 100 dagar for pasientar utan prioritet.



Helse Førde HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar ved utgangen av februar 2010 med 35 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste ventetidene for dei same ventande med 155 dagar. Dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF og Helse Bergen HF var høvesvis 96 dagar og 72 dagar ved utgangen av februar i år.

Ventetida for dei pasientane som blir tatt til behandling innan psykisk helsevern for voksne ligg ein del lågare enn ventetidene for dei som framleis står på venteliste. For prioriterte pasientar som vart tatt til behandling i februar 2010 var den gjennomsnittlege ventetida 51 dagar, noko som er 2 dagar lengre enn for 12 månader sidan. For helseføretaka varierar ventetida for dei prioriterte pasientane som blei tatt til behandling frå 35 dagar i Helse Førde HF, til 66 dagar i Helse Stavanger HF i februar 2010. I Helse Fonna HF og Helse Bergen HF venta dei prioriterte pasientane som vart tatt til behandling i februar høvesvis 39 dagar og 57 dagar i gjennomsnitt.

Som for somatikk og psykisk helsevern for barn og unge har delen ventande med prioritet halde seg stabil rundt 80 % det seinaste året, men i dei tre seinaste månadene har delen med prioritet gått noko ned. I februar 2009 hadde rundt 71 % av dei ventande prioritet. Delen ventande med prioritet varierar frå kring 80 % i Helse Førde HF, til rundt 70 % i Helse Bergen HF.

3. Epikrisetid

Epikrisetider	Resultat	Mål	Status
 Samlet Bilde			
Epikrisetid psykisk helsevern	72%	80%	
Epikrisetid somatikk	63%	80%	

Per februar 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 63 % innan somatikk, medan delen låg på 72 % innan psykisk helsevern. Med unntak av april 2009 (påskeferie) kan ein generelt sei at epikrisetidene har halde seg relativt stabile gjennom heile det siste året, med ein høgare del sendt tidsnok innan psykisk helsevern enn innan somatikken. Innan psykisk helsevern har Helse Førde HF i 2009 vore det einaste føretaket som har klart å nå målsettinga om 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar enkelte månader, men i 2010 har og Helse Fonna HF klart dette målet.

4. Tertialsvise indikatorar



Indikatorane i målekortet syner status for del korridorpasientar og strykingar av planlagde operasjonar per 3. tertial 2009, og tala blei presenterte på styremøtet i mars 2010. Dei nasjonale måla er at ein helst ikkje skal ha korridorpasientar innan psykisk helsevern og somatikk, og at delen strykingar av planlagde operasjonar ikkje bør overstiga 5 %.

5. Økonomi

Rekneskapen for januar og februar bør bli sett i samanheng, då føretaka ved januaravslutninga ikkje gjekk like detaljert gjennom rekneskapen knytt til avsetjingar og periodiseringar som ein gjer ved dei ordinære periodeavslutningane.


5.1 Resultat

	Februar			Hittil pr. februar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	1 930	-892	2 822	3 719	-1 187	4 906
Helse Bergen	-14 996	-11 788	-3 208	3 818	8 654	-4 836
Helse Fonna	751	699	52	-2 038	1 461	-3 499
Helse Førde	-4 767	-5 083	316	-4 648	-7 571	2 923
Helse Stavanger	5 539	2 199	3 340	1 781	4 397	-2 616
Fellesområde, føretaksgruppa	4 292	3 723	569	8 044	6 446	1 598
Administrasjonen	44	-354	398	495	-707	1 202
Helse Vest IKT	-771	-891	120	-828	-1 110	282
Til saman	-7 978	-12 387	4 409	10 343	10 383	-40

Alle tall i heile tusen

Akkumulert resultat pr februar er kr 10,3 mill som er i tråd med budsjett.

Helse Stavanger



Alle tall i heile tusen


Helse Stavanger har i februar eit positivt resultat på kr 5,5 mill som målt mot budsjett gir eit positivt budsjett avvik på kr 3,3 mill. Pr februar har føretaket eit positivt akkumulert resultat på kr 1,8 mill som gjer eit negativt budsjettavvik på kr 2,6 mill. Inntektene pr februar viser eit positivt avvik totalt sett, men kr 4,9 mill i negativt budsjettavvik på ISF eigne pasientar og kr 6,7 mill i positivt budsjettavvik på ISF poliklinikk. Avviket blir analysert nærmare.

På kostnadssida er det kr 8,7 mill i negativt avvik på lønn etter to månader. Berekningar syner at føretaket brukar 67 månadsverk meir enn planlagt. Dette gir grunn til bekymring og er eit forhold føretaket har stort fokus på og vil analysere nærmare.

Andre driftskostnader viser eit positivt avvik på kr 4,3 mill. Det er knytt risiko til utviklinga innan energiprisane, då berre ein liten del av energikostnadene har fastpris i 2010.

Hittil i år er det positivt avvik knytt til finanskostnader. Føretaket melder at budsjettet nok er noko romsleg på denne posten og beste anslag pr februar er eit mindre forbruk på ca kr 8 mill på årsbasis.

Helse Fonna



Alle tall i heile tusen


Resultatet i februar måned viser eit overskot på kr 0,8 mill mot eit budsjettert overskot på kr 0,7 mill. Dette gir eit positivt budsjettavvik på kr 0,1 mill. Akkumulert resultat er minus kr 2 mill mot eit budsjettert resultat på pluss kr 1,5 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 3,5 mill. Inntektene totalt viser eit positivt avvik på kr 3,3 mill pr februar. I all hovudsak er dette auka inntekter knytt til aktivitet retta mot eigne pasientar behandla i eige føretak samt inntekter knytt til behandling med kostnadskrevjande medisinar.

Personalkostnadene inkludert innleige av personell frå byrå viser eit negativt avvik på kr 4,1 mill etter to månader. Hovudtyngda av avviket er knytt til overtid og ekstrahjelp medan det er nedgang i lønn til faste stillingar korrigert for refusjonsinntekter.

Kostnadene til medisinske varer og tenester viser samla sett eit negativt avvik på kr 1,4 mill der det meste av avviket innan varekostnader er knytt direkte til føretakets eigenproduksjon noko som gjer grunn til uroing når ein ser dette opp imot det aktivitetsnivået som har vore i denne perioden. Føretaket er i gang med å analysere dette forholdet slik at korrigerande tiltak kan settas i verk.

Andre driftsutgifter viser eit negativt avvik på kr 1,6 mill og er hovudsakleg knytt til den store auken i forbruket av energi i den vedvarande kuldeperioden vi har hatt og auken i kraftprisen.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Resultatet for februar måned viser eit underskot på kr 15 mill. Dette er kr 3,2 mill dårlegare enn budsjettert. Etter to månader er resultatet kr 3,8 mill. Dette er kr 4,9 mill dårlegare enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit negativt budsjettavvik på kr 6,3 mill. Stykkprisinntekt og Gjestepasientinntekt syner eit negativt budsjettavvik, medan det er knytt ei meirinntekt til nokre poliklinikkar og laboratorium.

Kostnadssida syner om lag budsjettbalanse per februar. Lønnskostnad og ekstern innleige syner eit lite positivt avvik etter to månader medan meirforbruket knytt til lokalar skuldast høgare energikostnader enn budsjettert samt nokre mindre ombyggingar. Varekostnad medikament har eit negativt avvik i underkant av kr 5 mill og meirforbruk av TNF-hemmarar og MS-medikament gir eit negativt budsjettavvik på om lag kr 2 mill. Det er i tillegg negativt budsjettavvik på medisinsk forbruksmateriell.



Alle tall i heile tusen

Resultatet i februar er negativt med kr 4,8 mill som er kr 0,3 mill betre enn budsjett. Bokført resultat etter to månader er negativt med kr 4,7 mill noko som er kr 2,9 mill betre enn periodisert budsjett. Inntektene hittil i år er kr 0,5 mill lågare enn periodisert budsjett.

Hittil i år syner kostnadssida eit positivt avvik mot periodisert budsjett på kr 3,4 mill. Lønnskostnadane syner eit samla mindreforbruk på kr 2,8 mill som mellom anna heng saman med mindreforbruk av overtid og ekstrahjelp i årets to første månader. Varekostnader har eit forbruk tilsvarande budsjett medan det er mindreforbruk innan andre driftskostnader på kr 0,3 mill. Finanskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 0,3 mill mot periodisert budsjett.

Kjøp av helsetenester

Resultatet i februar er kr 0,6 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 8 mill som er 1,6 mill betre enn budsjettet.

Administrasjonen

Resultatet i februar er kr 0,4 mill betre enn budsjettet noko som akkumulert gjer eit resultat som er kr 1,2 mill betre enn budsjettet.

Apoteka Vest

Føretaket har i februar eit positivt budsjettavvik på kr 2,8 mill. Akkumulert resultat er kr 4,9 mill over budsjett. Av dette skuldast kr 2,7 mill unormalt låg varekostprosent, ca. kr 1,3 mill i auka sal av varer, kr 0,5 mill i mindreforbruk knytt til personale og kr 0,4 mill knytt til andre driftskostnader.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i februar er minus kr 0,8 mill som utgjer eit positivt budsjettavvik på kr 0,1 mill. Akkumulert har føretaket eit resultat som er kr 0,3 mill betre enn budsjettet.

5.2 Omstilling

Helse Fonna og Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009. Sjølv om det òg i Helse Fonna og Helse Bergen er vurdert at ein har ein risiko, er det ut frå administrerande direktør si vurdering ikkje hensiktsmessig å leggja opp til ein prosess der desse to føretaka skal utarbeida generelle omstillingstiltak. I tillegg veit ein at både Helse Fonna og Helse Bergen har omstillingstiltak gåande i dei klinikkane som har den største budsjettutfordringa i 2010, utan at dette er talfesta i denne saka.

Føretaka må sørge for å ha beredskap som gjer det mogleg å setja i verk korrigerande tiltak umiddelbart dersom utviklinga i 2010 tilseier at dei økonomiske resultatkrava ikkje vert nådd.

Helse Stavanger

Føretaket hadde utarbeidd ein tiltakspakke på kr 87 mill. Føretaket har hatt ein gjennomgang av denne og funne grunnlag for å justere den ned til kr 79 mill. Pr februar månad har Helse Stavanger realisert 98 % av budsjettet omstillingseffekt. Føretaket har fokus på dei einingar som ikkje har realisert omstillinga som planlagt og har nå møte med dei aktuelle divisjonane.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 102% av planlagt effekt i februar. For året totalt opprettheld føretaket ei prognose på 98 % realisering av den utarbeida handlingsplanen på til saman kr 45,5 mill. Etter administrerande direktørs vurdering må Helse Førde identifisera tiltak for ytterlegare kr 20 mill for å sikra at budsjettmålet blir nådd i 2010. Tiltaka kan sjåast i samanheng med den pågåande strategiprosessen i Helse Førde.

5.3 Prognose


	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	7 833	7 833	0
Helse Bergen	110 000	110 000	0
Helse Fonna	4 782	10 000	-5 218
Helse Førde	-40 000	-40 000	0
Helse Stavanger	26 323	26 323	0
Fellesområde, føretaksgruppa	43 677	43 677	0
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	105	105	0
Sum	152 720	157 938	-5 218

Alle tall i heile tusen

Med unntak av Helse Fonna HF opprettheld alle føretak ei prognose tilsvarande budsjett. Endringa i prognose frå Helse Fonna er relatert til ein klinikk og føretaket er i gang med å utarbeide ein tiltakspakke som skal lukke avviket mellom prognose og budsjett.

5.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av februar ein netto likviditet på minus kr 730 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.




Driftskredittramma er ved inngangen på kr 1,675 mrd. Denne vil i løpet av året bli redusert med kr 95 mill til kr 1,580 mrd ved utgangen av året. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest vil likevel ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.


6. Medarbeidarar

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest er registrert med 6,8 % for januar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var på 6,0 % for januar 2010.

Tal einingar med eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var for januar 2010 på 47,4 %. Dette er om lag det same som desember 2009. Samanlikna med same månad i 2009 er det 5,3 % fleire einingar med eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare.




Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16 527 per februar 2010. Det ei auke på 145 netto månadsverk frå januar 2010. Netto månadsverk per mars 2010 var 16 598. Samanlikna med mars 2009 er det ei auke på 117 netto månadsverk.




Dei nye felles nasjonale definisjonane på brutto månadsverk, gjeldande frå januar 2010, gir noko auke for alle helseføretaka. For Helse Førde og Helse Fonna gir det litt meir effekt med omsyn til uttrykking for prehospitala tenester.

Helse Stavanger


Sjukefråværet i Helse Stavanger var 6,9 % per januar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær for januar 2010 var 5,1 %. Dette var ei auke på 1 % for sjukefråvær og ei auke på 0,2 for sjukemeldt fråvær frå desember 2009. Samanlikna med januar 2009 er det ein nedgang på 0,4 % for sjukefråvær og 0,7 % for sjukemeldt fråvær.




Netto månadsverk for Helse Stavanger var 4 515 per februar 2010, det er ein nedgang på 62 netto månadsverk frå januar 2010. Netto månadsverk per mars 2010 var 4 483. Samanlikna med same månad i 2009 er det ei auke på 108 netto månadsverk.



Sjukefråværet i Helse Fonna var 7 % per januar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,7 % for januar 2010. Dette var ei auke på 0,6 % for sjukefråvær og ei auke på 0,2 % frå desember 2009. Samanlikna med januar 2009 er det ein nedgang på om lag 1 % for sjukefråvær og 1 % for sjukemeldt fråvær.




Netto månadsverk for Helse Fonna var 2 456 per februar 2010, det er ein nedgang på 3 netto månadsverk frå januar 2010. Netto månadsverk per mars 2010 var 2 483. Samanlikna med same månad i 2009 er det ei auke på 61 netto månadsverk.




Helse Førde

Sjukefråværet i Helse Førde var per januar 2010 på 6,4 %. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,3 % for januar 2010. Dette var ei auke på 0,4 % for sjukefråvær og ei auke på 0,1 % frå desember 2009. Samanlikna med januar 2009 er det ein nedgang på 2,1 % begge.




Netto månadsverk for Helse Førde var 1 946 per februar 2010, dette er ein nedgang på 21 netto månadsverk frå januar 2010. Netto månadsverk per mars 2010 var 1 997. Samanlikna med same månad i 2009 er det ei auke på 29 netto månadsverk.




Helse Bergen

Helse Bergen hadde eit sjukefråvær på 8,2 % for januar 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 6,8 % for januar 2010. Dette var om lag det same som desember 2009 for begge. Samanlikna med januar 2009 er det ei auke på om 0,6 % for sjukefråvær og stabilt for sjukemeldt fråvær.



Netto månadsverk for Helse Bergen var 7 607 per februar 2010, dette er ei nedgang på 98 netto månadsverk frå januar 2010. Netto månadsverk per mars 2010 var 7 634. Samanlikna med same månad i 2009 er det ei auke på 85 netto månadsverk.



Oppfølging av variable timar

Det vil bli gitt ei munnleg orientering om utviklinga av variable timar i styremøte.

7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tilfro til tjenesten	81	80	●	
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	-2	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	56	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	-2	0	●	
Avvik tilfro pasienter og pårø...	-2	0	●	

5.1 Tilfro til tenesta

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tilfro).

Tilfroa til spesialisthelsetenesta går tilbake med to prosentpoeng til 81 prosent frå januar til februar. Sidan oktober sist år har resultatet vore på 80 prosent eller betre. Det beste oppnådde månadsresultatet hadde vi i januar 2010 (83%). Det lågaste resultatet vi har hatt sidan målinga starta (mai 2008), var i juni 2008, då vi enda på 73 prosent.

Resultatet for februar månad viser stor variasjon mellom helseføretaka. Lågast score finn vi i Helse Fonna, som har ein tilbakegang på fem prosent frå januar 2010.

5.2 Forskjell i tilfro i gruppa *pasient/pårørende* samanlikna med gruppa *andre*

I januar er denne indikatoren -2 prosentpoeng. Det betyr at tilfroa er litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har hatt kontakt dei siste tre åra. Dette er det same som ved sist måling.

67 prosent har enten vore pasient eller pårørende i løpet av dei siste tre åra. 30 prosent seier at dei sjølv har vore pasient.


5.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket går tilbake med tre prosentpoeng til 56 prosent frå januar til februar. Dette er det lågaste resultatet på denne indikatoren sidan april 2009. Nedgangen er berre akkurat statistisk signifikant.

Med unntak av Helse Førde som går fram frå 35 til 46 prosent i februar, ser vi ein tilbakegang i alle helseføretaka.


Det er ein signifikant høgare del som har eit godt inntrykk blant pasientar/pårørende (60) enn blant dei som ikkje har vore pasientar/pårørende dei siste tre åra (51).

Ser ein på gruppa som har eit svært dårleg inntrykk av det regionale helseføretaket, ser vi ein kraftig auke i Helse Fonna. Her stig delen respondentar som har eit svært dårleg inntrykk frå 1 til 4 prosent frå januar til februar. Også i Helse Bergen er det fleire som har eit svært dårleg inntrykk i februar samanlikna med i januar. I Helse Stavanger og Helse Førde ser vi ei meir positiv utvikling.



Oversikten over viser utvikling i gruppa som seier dei har eit svært dårleg inntrykk av det regionale helseføretaket.

Ser vi på mediestatistikken for februar for det regionale føretaket var det særleg høg aktivitet i starten av perioden. Hovudfokus var då at det ikkje var oppdaga brot på pasientrettane i Helse Vest – jamfør saka rundt Sjukehuset Asker og Bærum. Mot slutten av februar var mediebiletet dominert av det positive årsresultatet.



5.4 Forskjell i tiltru mellom gruppa *pasientar* og gruppa *pårørande*:

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i februar litt lågare blant dei som sjølv har vore pasient enn blant dei som berre har vore pårørande (-2). I januar var denne indikatoren -1.

Det er ein litt høgare del blant pasientane som har meget stor tiltru (31), enn blant dei som har vore pårørande (26).